



Landbruksdirektoratet

Vår saksbehandlar:	Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkiv:	Dykkar dato:	Vår dato:
Gerd Siqveland Engelsgjerd	18/36801-1	J.p. 18/8359	FA - V18, TI -		13.09.2018
Telefon: 51 20 11 70		Sak 18/606	&13		
E-post: gerd.siqveland-engelsgjerd@bjerkreim.kommune.no					

## Høyringsuttale til forslaget til nasjonal instruks om regionale miljøtilskot i jordbruket


Det skal fastsetjast nye fylkesvise forskrifter om regionale miljøtilskot i jordbruket for perioden 2019 – 2022. Landbruksdirektoratet har utarbeidd forslag til instruks for desse tilskota, som skal leggjast til grunn når dei ulike fylka skal fastsetja sine forskrifter for regionale miljøtilskot. Instruksen angir kva som skal vera sentralt fastsette vilkår for miljøtiltaka, og kva fylka kan bestemma sjølv.

Saka er sendt på høyring til alle fylkesmennene og til næringsorganisasjonane sentralt, med ein frist for å koma med merknader innan den 14. september. Nokre av forslaga vil få store følgjer for mange kommunar, og vi i Bjerkreim vil nytta sjansen til å peika på konsekvensar for jordbruket i vår kommune, og litt generelt for Rogaland. Dette gjeld spesielt forslaga til:

- Fjerning av tilskot til bratt innmarksbeite, og bratt, dyrka jord som ikkje vert hausta maskinelt
- Dei veglause gardane langs Lysefjorden og i Dyrskog, vil ikkje lenger få tilskot til skjøtsel av bratt dyrka jord og innmarksbeite
- Ein sats for tilskot til turstiar, utan høve til å betala ein høgare sats for turstiar i sentrumsnære område
- Årleg tilskot til oppreinsking av fangdammar, i staden for eit større tilskot det året dammen vert reinska

Dei regionale miljøprogramma skal gje ei målretting av miljøinnsatsen i jordbruket utover det som er mulig gjennom generelle, nasjonale ordningar. Regionale miljøprogram vart etablert i 2005, og vart finansiert over jordbruksavtalen ved å overføra rammer frå nokre tilskotsordningar, pluss overføring av ein del millionar avsette til dei generelle areal- og kulturlandskapstilskota. Hensikten var nettopp å tilpassa regelverket til dei ulike miljø- og driftsutfordringane i fylka. For å framleis ha ei tilfredsstillande målretting av tiltaka, med spesifikke avgrensingar og vilkår i dei ulike fylka, meiner Bjerkreim kommune at det er ein føresetnad at ein skal halda fram med regionale forskrifter, som forslaget heldigvis legg opp til.

For i si tid å finansiera RMP-tilskota, vart det altså «teke pengar» frå alle søkjarane av produksjonstilskot. Dei tilsette på Landbrukskontoret i Bjerkreim brukte derfor mykje tid til å informera, motivera og hjelpa bøndene våre med å søkja om tilskot, for å oppnå ønska miljø- og driftsgevinst. I 2008 utgjorde søkjarandelen på RMP 91 % av PT-søkjarane. Prosenten har vorte noko redusert etter at det skulle søkjast elektronisk. Vi synest at vi har oppnådd mykje gjennom RMP-ordninga. Vi har fått 420 km med merka turstiar i kommunen, som er



tilgjengelege for alle, og turkartet kan kjøpast på bensinstasjonen eller ved å lasta ned kart frå nettsida vår. Veldig mange av kulturminna vert skjøtta gjennom beiting, og mykje bratt innmarksbeite vert årleg gjødsla, stelt og hausta ved beiting. Vi forventar at tilskotsordningane også framover skal vera attraktive og inkludera mange av våre bønder, slik at søknadsomfanget kan oppretthaldast. Då er det bl.a. naudsynt med desse endringane av paragrafe i dykkar forslag til instruks for forskriftsmal:

#### § 4 Drift av bratt areal

Tilskot til skjøtsel av bratt areal sikrar brei oppslutting til regionalt miljøprogram, og er viktig for å nå ut med dei andre, smalare, tilskotsordningane til rett målgruppe. Føremålet med tilskotet er å stimulera til skjøtsel av areal som har driftsvanskar, og sikra god produksjon på desse areala. I årets jordbruksoppgjer vart denne satsinga forsterka, med å auka satsane med 50 %. Dette vart bøndene i Rogaland glade for. Forslaget til auken kom frå staten, i deira tilbod til bøndene av 04.05.18. «*Som en del av tilskudd driftsvanske, jf. kap. 7.9.2. foreslår Statens forhandlingsutvalg en økning av bevilgningen til RMP tilsvarende 50 pst. av tilskuddet til bratt areal i 2017 for de fylkene som har en slik ordning, og en tilsvarende avsetning til de andre fylkene, bortsett fra til Akershus, Vestfold og Østfold. Dette vil også bidra til ivaretagelse av verdier i kulturlandskapet*».

Det er derfor for vår del heilt uforståeleg at den same staten nokre månader seinare, vil avgrensa høve for dei fleste bøndene til å søkja om dette RMP-tilskotet hjå dei fylka som allereie har ei innarbeidd ordning på dette. **Staten peikar jo sjølv i sitt tilbod til bøndene, at tilskot til bratt areal er viktig for å opprettholda det fantastiske kulturlandskapet.**

Staten sitt forhandlingsutvalg føreslår at fylkesmennene tilrettelegg for at desse endringane nemnt over, kan gjennomførast frå inneverande vekstsesong, dvs. for søknadsomgangen 2018 med utbetaling i 2019.

Bjerkreim er ein stor kommune i utstrekning med eit landareal på 586 km<sup>2</sup>, med store vidder med utmark. Jordbruksarealet utgjør berre 10 % av dette, herav ca. 24.000 da dyrka. Vi har likevel eit stort dyrehald med kyr, storfe og sau som dei dominerande dyreslaga. Takka vera iherdig innsats frå bøndene gjennom mange år, har dei opparbeidd gode innmarksbeite. Beita vert drivne intensivt, og registreringar til Landbruksrådgevinga viser at avlingane ofte er oppe i ca. 500 fem/da; ei førmengde som vert hausta på dyrka jord i andre delar av landet. Dette har gitt grunnlag for at det årleg beiter ca. 47.000 sauer og lam og 5.300 kyr og storfe her. Kulturlandskapet i Bjerkreim er ein mosaikk av flotte grønne beite, frå flate areal til bratte beiteareal som strekker seg oppover bakkane og fjellsidene, i alle delar av kommunen. Utan årleg gjødsling og beiting med sau og storfe hadde det ikkje vore slik. Kombinert beiting mellom innmark og utmark, gjer at ein får mykje meir bruk og utnytting av utmarksareala. Derfor er det så viktig at staten framleis stimulerer til skjøtsel av bratte innmarksbeite.

Bjerkreim har om lag 36.000 da med innmarksbeite, som tilsvare ca. 60 % av jordbruksarealet. I Rogaland utgjera beita ca. 50 %. Fylket har om lag 30 prosent av innmarksbeita i Noreg, og desse utgjør ein avgjerande del av fôrgrunnlaget her. Fylkesmannen sine kartberekningar viser at 85 % av det bratte areal som får miljøtilskot, er innmarksbeite. Fjerning av tilskot til bratte innmarksbeite svekkar satsinga på driftsvanskar med om lag 8,4 mill. kr i Rogaland. Vi meiner det er i strid med føringane frå jordbruksoppgjeret. For bøndene i Bjerkreim vil det utgjera ein reduksjon i tilskota til bratt areal med 92 %, eit beløp på ca. 780.000 kr.

I instruksen er det føreslått å avgrensa tilskotet til areal som vert hausta maskinelt og ikkje einsidig beita. Vi stiller spørsmål til korleis eit slikt krav skal kontrollerast. Tilsvarende skilje mellom beite eller slått for å få arealtilskot, finn vi ikkje i produksjonstilskot. Det er ikkje uvanleg at fulldyrka areal vert brukt til beitemark.

Når det kjem til drift av beiteareal, så kan det verke som det dessverre er etablert ei feilaktig oppfatning om at innmarksbeita ikkje krev arbeidsinnsats frå bonden. Eit intensivt drive «kulturbeite» som dei vert kalla i Rogaland, gir høg avkastning og må stellast på lik linje med anna jordbruksareal. Svært mange av innmarksbeitene i Rogaland er godkjend som spreieareal. Det vil seie at dei vert gjødsla både med husdyrgjødsel og med mineralgjødsel. Sprøyting og ugrashandtering vert gjort manuelt, og det seier seg sjølv at dette er arbeidskrevjande på areal som ikkje kan haustast maskinelt.



*Mykje «handarbeid» for å skjøtta desse bratte innmarksbeita*

Ein skulle tru at det å fjerna høvet til å gje tilskot til bratte innmarksbeite, botnar i politiske prioriteringar, og ikkje i forvaltningsmessige omsyn. Vi kan ikkje heilt forstå at det skal vera politiske prioriteringar, all den tid at staten sjølv i jordbruksoppgjeret føreslår å setja av meir midlar til dette området, utan å presisera ei stor innstramming av bruken. **Til alt overmål så poengterer staten at det er ei viktig satsing for kulturlandskapet, utan å presisera at det berre gjeld den delen som er maskinelt hausta.**

Teknisk sett kan dette løysast gjennom å ha to tiltaksklassar. Då kan fylke som ikkje vil prioritera innmarksbeite, velje bort dette. Ordninga er enkel å administrera, både for oss i kommunen og Fylkesmannen.

### **§ 6 Beiting av verdifulle jordbrukslandskap, § 7 slått av verdifulle jordbrukslandskap**

Her ynskjer vi å kunna utmåla tilskot per dekar både når det gjeld innmarksbeite og fulldyrka areal, slik som tidlegare forslag. Det var då føreslått ei samla ordning med beiting eller slått av verdifulle jordbrukslandskap der tilskotet vart utmålt per dekar. Vi støttar forslaget som ville gjort forvaltninga av tilskot til jordbruksareal i bl.a. Dyrskog her i Bjerkreim, svært mykje enklare.

I instruksen er forslaget reversert. Her er det ikkje mogleg å utmåla tilskot per dekar både til fulldyrka areal og til innmarksbeite. Vi finn det kunstig å skilja mellom beiting eller slått av eit fulldyrka areal. Forslaget medfører at ein bonde som vel å hausta eit fulldyrka areal i Dyrskog og Lysefjorden gjennom beiting, vil gå glipp av tilskotet utmålt per dekar, medan ein som lagar rundballar får tilskot. Det vil vera ei klar forenkling å gje tilskot per dekar jordbruksareal, og så kan bonden sjølv få bestemma om areala skal verta beita eller slått på same måte som tilskot til grovfôrareal i produksjonstilskot. Kommunane må sjekka at søkar har tilstrekkeleg med beitedyr, alternativt har drive med sal av grovfôr.

Vi føreslår derfor at § 7 vert endra til skjøtsel av verdifulle jordbrukslandskap, og at det vert opna opp for å inkludera innmarksbeite i ordninga. Fylke som ikkje ynskjer å inkludera innmarksbeite i ordninga, kan i regional forskrift definera kva arealtypar ordninga gjeld for. I dag har vi utmåling både per dyreeining og per dekar fulldyrka i Lysefjorden, dvs. to ordningar i bruk på same område. Dagens ordning vert av både bønder og forvaltning



opplevd som tungvindt. Dette vil verta løyst dersom vi kan utmåla tilskot per dekar både til innmarksbeite, fulldyrka areal og overflatedyrka areal.

### Mulige konsekvensar for Dyrskog




Denne veglause garden i Dyrskog vart flåflytta i 1975. Men i ca. 25 år budde dei «gamle» her sommarstid, og slo den bratte, dyrka jorda med 2-hjula slåmaskin, langorv og stutturv. Men i 2000 måtte dei gje opp dette svært krevjande arbeidet. Men alt det bratte jordbruksarealet (24 da dyrka og 72 da innmarksbeite) vert kvart år hausta gjennom beiting med sau og lam frå tidleg vår til uti september. Dette krev mykje menneskelege ressursar, med frakt, tilsyn av dyra og gjødsling. Det har vore svært positivt at dei årleg har fått nokre kroner ekstra for denne innsatsen med å halda eit nasjonalt viktig kulturlandskap i hevd (Dei vart tildelt Rogaland sin kulturlandskapspris i 1991). Dersom dykkar forslag vert vedteke, vil dette gardsbruket ikkje lenger få ei krone ekstra i tilskot.


Då er det veldig stor sjans for at bonden ikkje orkar å ta jobben med å ha beitedyr her lenger, og ei fantastisk perle vil gro til med lauvkratt. Dette vil vera eit stort tap for Bjerkreim. Kvar sommar går den gamle båten Ørstdølen med turisttrafikk over det 17 km lange Ørstdalsvatnet. Dette året har det vore rekordmange; bortimot 2.800 passasjerar, som har vore oppom Dyrskog, eller sett opp på den flott eigedomen frå båten.

### Reiselivsprodukt

Kulturlandskapet er sjølvstekt viktigast for at beitedyra skal produsera mjølk, kjøt og ull. Men eit velstelt, ope kulturlandskap er også viktig for turgåarar, som eit godt helsefremmande tiltak. Og sist, men ikkje minst; for turistane. Kva hadde vel dei 4 Vestlandsfylka vore utan innsatsen til bøndene her og alle beitedyra! Turistane får då sjå velstelte, grønne og frodige jordbruksareal oppetter bakkane og fjella, som det er svært viktig at staten framleis betaler bonden ekstra for å skjøtta.



*E-39 med ein døgntrafikk i gjennomsnitt på 8.500 bilar, går gjennom/like ved dette flotte jordbruksarealet og utmarka*



Elisabeth Saupstad er reiselivsdirektør for Region Stavanger, og ho veit kor viktig det er for Rogaland å ha eit aktivt landbruk. Dei er heilt avhengige av at bøndene gjødslar og steller beita, for at turistane skal få sjå og oppleve velstelte kulturlandskap og beitande husdyr –

også i dei bratte liene. Ho skriv dette i vedlagt brev datert 10.09.18:

*«Sett fra et reiselivsperspektiv så er det å ta vare på vår kulturarv en avgjørende faktor for å kunne tilby et attraktivt reiselivsprodukt og det særegne vakre kulturlandskapet er en sterk merkevare for Norge. Kulturlandskapet i Rogaland er derfor en viktig merkevare vi må sikre blir ivaretatt på lang sikt. Skal en satse på å være et attraktivt fylke for friluftsliv og naturbasert turisme, samt en attraktiv kjørerute, må kulturlandskapet ivaretas.*

*Områder som i dag ikke blir ivaretatt, gror igjen, en mister all utsikt og attraktiviteten forringes både for de som kjører gjennom, men også ift mulighetene for å gå tur i dette fantastiske landskapet.*

*Å kjøre gjennom det vakre kulturlandskapet er en opplevelse i seg selv, og de bratte arealene er godt synlige fra vinduene på bil, buss, tog eller båt. Det å se sauer og kyr beite i marka er eksotisk for en utenlandsk turist, kombinert med et velstelt og åpent kulturlandskap hvor en ser elver, vann, bygninger, gårdstun og fjelltopper. Historien om livet i bygde-Norge og våre mattradisjoner, er det mest autentiske og flotte en kan oppleve og det er det som gjør reiseruta attraktiv. Det finnes nok av eksempler på områder som er overgrodd, og som forringer totalopplevelsen og merkevaren. Da blir andre områder prioritert, og vi mister noe av det flotteste vi har å tilby av norsk vakker natur, og i så måte en viktig del av vår kulturarv.*

*Et godt eksempel på land som har lyktes med dette, er Sveits hvor bøndene får gode tilskudd til å drifte bratte jordbruksareal, da staten innser hvor viktig dette er for reiselivsnæringen. De har virkelig lyktes med sin satsing på reiseliv, og har utviklet attraktive opplevelsprodukt basert på rundturer rundt i hele landet.*

*For reiselivsnæringen og merkevaren Norge og Rogaland er det derfor ekstremt viktig at også den norske stat prioriterer å gi tilskudd til bøndene som en kompensasjon for merarbeidet med å ivareta bratte innmarksbeiter, og bratt dyrka jord som blir høsta gjennom beiting!*

*Det ville være trist om vår kulturarv gror over av skog, og at vi mister vårt særpreg og en av de viktigste merkevarer vi har. Vi i reiselivsnæringen ber omstendig om at dette blir tatt på alvor, for en næring i vekst, for landbruket og et levende bygdesamfunn!»*

### **§ 13 Skjøtsel av styvingstre**


Vi meiner tilskotet til styvingstre må utbetalast årleg slik som i dag. På stadleg kontroll er det ikkje vanskeleg å kontrollera om treet er styva mange år i etterkant. Endring til at tilskotet vert utbetalt det året det vert styva, vil vera vanskelegare å forvalta. Føretak som har mange styvingstre, vil ikkje nødvendigvis skjøtta alle trea same år. Kravet om at det ikkje skal gis tilskot oftare enn kvart femte år, vert då vanskeleg for kommunen å kontrollera. Faren for feilopplysningar vil også auka då søkjar ofte importerer kartdata, og innteikning av styvingstre frå tidlegare år vil «hengja igjen».

## **Kapittel 4 kulturminne og kulturmiljø**

Vi støttar forslaget.

### **§ 24 Vedlikehald av turstiar i jordbrukslandskapet**

Dersom alle turstiane skal få same tilskotssats, må ein auka den økonomiske ramma til denne ordninga, eller redusera satsen pr. meter med tursti. I Rogaland har vi sett krav om samanhengande turstinnettverk, og merking på offentleg tilgjengeleg



kart. Det er forslag om å ta dette bort. Vi ber om at Fylkesmannen framleis kan setja desse krava.

Målrettinga vert heilt klart dårlegare når det ikkje lenger vert mogleg å differensiera i sats mellom område med ulikt press frå turgåarar. Vi meiner det er feil at føretak med turstiar i bynære/sentrumsnære strøk med klart større press frå turgåarar, skal ha same sats som perifere område.

### **§ 34 Vedlikehald av fangdam**

Det er over 350 reinseparkar i Rogaland, og vi er redd for at forslaget vil svekka motivasjonen til vedlikehald. Kostnaden knytt til vedlikehald er i hovudsak knytt til sjølve reinskinga. Det kan ta alt frå 3 – 15 år før det er nødvendig med reinsking. Det er i dag utfordrande nok å stimulera til reinsking sjølv med eit høgt tilskot (i Rogaland det året det reinskast opp). Eit årleg beløp som då nødvendigvis må vera lågt, vil fungera meir som arealerstatning. Det året det skal reinskast, vil kostnaden vera monaleg høgare enn tilskotet. I verste fall kan søkjar søke på tilskotet fram til reinsking er nødvendig, for så å la ver. Då har miljøtilskotet ingen gevinst.

Olaf Gjedrem og Olav Husveg har arbeidd med forureiningstiltak på Jæren i mange år, no sist som prosjektleiarar for «Frivillige tiltak i landbruket» på Jæren. Forslaget dykkar vart drøfta med dei på eit møte med kommunane i Sør-Rogaland den 30.08.18, og dei vart oppfordra til å skriva si fagelge vurdering av endringa. Dei skriv dette i vedlagt brev datert 07.09.18:

*«Me vil sterkt rå frå at at paragraf 34 vert endra. Me er stolte av at me har fått bygd over 350 fangdammar her. Dette er svært store investeringar som gir godt utbytte. Undersøkingar frå Nibio viser at desse fangdammene held att ca 50 % av fosforet i inngående vatn, og dette hjelper oss i å betra vasskvaliteten i vassdraga.*

*Men me er heilt avhengige i at desse vert reinska når dei vert fulle av avsetningar . Nå tek me kvart år i samarbeid med kommunane gjennomgang av aktuelle fangdammar for å sikra at dei fungerer. Då er det heilt avgjerande at me kan seia til bøndene at dei får inntil 12.500 kr i tilskot for kvar tøming. Om me ikkje har denne «gulrota» eller tilskotet, vil det vera usikkert om bøndene gjer dette. Med nåverande ordning, som er godt innarbeidd, gjer bøndene nødvendig vedlikehald på renseparkane.*

*Rensking av fangdammene er frivillig, det vil seia at ingen kan pålegga bøndene vedlikehald av fangdammene. Då er det lite sannsynleg at eigarane vil gjera denne reinskinga utan at dei får eit beløp i tilskot, som og er ei betydeleg hjelp til å betala rekningar til opprensking. Me opplever at det med dagens ordning er lett å få bøndene til å gjera denne nødvendige jobben for å få nytte av fangdamutbygginga som er gjort, og også motivera til bygging av nye fangdammar.*

*Eit årleg tilskot vil vera lite og ikkje på same måte motivera til store reinskingar, som ofte er kostbare. Me har ikkje råd til å risikera at desse store renseparkinvesteringane ikkje verkar optimalt og at bøndene vert motiverte med eit konkret tilskot når utgiftene til vedlikehald kjem.*

*Rogaland er vel det fylket som har mest fangdammer. Så det er svært viktig å behalda denne stimuleringa for å halda dei på ein høg standard.»*

## Generelle bestemmingar

### § 43. Søknad

**Søknadsfristen** for beitelaga bør vera 15. november. Ein hadde tidlegare søknadsfrist 1. november, og det gav mange søknader om utsett frist pga at beitelaga driv med etter-sanking. Det er også ein fordel at beitelaga får tid til å ha samling med medlemmane før søknadsfristen. Vi ber derfor om at fristen vert endra til 15. november.

Ein må ha ein **teljedato** for ordningane. Det er føretaket som disponerer areal og dyr på teljedato som kan søkja tilskot. Vi ønskjer å ha teljedato 31. juli, i vekstsesongen, då dei fleste tilskota gjeld miljøverdiar på areal. Same frist bør gjelda for når miljøverdiar skal vera registrert på areala. Kommunane må kunna dokumentera miljøtilstand på areala i vekstsesongen, og dokumentasjonen må kunna nyttast i kontrollverksemd.

Ut frå dette ber vi om at Landbruksdirektoratet endrar instruken for forskrifta i tråd med våre og Fylkesmannen i Rogaland, sine innspel.

Med helsing

Gerd Siqveland Engelsgjerd  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift.*

### Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
181760	Scanned from a Xerox multifunction device
181761	Fangdam (1)

### Kopi til:

«Frivillige tiltak i landbruket» på  
Jæren

Landbruksavdelinga Fylkesmannen  
i Rogaland Postboks 59 Sentrum 4001 STAVANGER  
Region Stavanger